



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Ørsta kommune. Avgrensa høyring av redusert alternativ for utbygging av Indre Trandal kraftverk. Fråsegn til konsesjonssøknad.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Bakgrunn

- Indre Trandal kraftverk AS søker om eit redusert alternativ for utbygging av Indre Trandalselva. Kraftverket vil utnytte fallet frå kotehøgde 87 ned til eit kraftverk på kote 3
- Maksimal slukeevne er på 1,35 m³/s. Dette er drøye 190 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 0,69 m³/s. Minimum slukeevne er på 0,1 m³/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 0,02 m³/s.
- Det er føresett minstevassføring på 20 l/s.
- Vassvegen blir om lag 272 m som skal gravast ned på heile strekninga.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 3,0 GWh med installert effekt på 0,9 MW.

Vurdering

Fylkesmannen viser til uttale og motsegn (03.06.13) til søknad om utbygging av Indre Trandal kraftverk, samt til felles synfaring i området den 13.09.13. På synfaringa fikk vi presentert eit justert prosjekt, som inneber eit vesentleg redusert alternativ for utbygging av dette vassdraget.

Natur- og miljøvern

Hjørundfjorden er slik vi ser det eit av våre nasjonale fjordlandskap. Vi har tidlegare peika på at det vil vere svært viktig å ha att så mange urørte vassdrag i dette området at ein ikkje svekker dei unike landskapsverdiane. Den alternative søknaden viser at inntaket vil bli nedanom dei eksponerte fossane. Fosselandskapet frå fjell til fjord er vesentleg for landskapsopplevinga i dette området. Landskapsmessig sett er det alternative prosjektet klart betre og vi vil derfor akseptere denne lokaliseringa. Endringa i INON blir også minimal.

Biologisk mangfald rapporten syner at konsekvensane på naturverdiane er minimale under føresetnad av ei minstevassføring lik ålmenn lågvassføring.

Det er ikkje oppgang av anadrom fisk i vassdraget og vi kan derfor ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Vi kan heller ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over og har ikkje vesentlege innvendingar til bygging av Indre Trandal kraftverk etter dette reduserte alternativet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
seksjonssjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Ørsta kommune	Dalevegen 6	6150	Ørsta
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde